



Eva Nielsen
Løkkenveien 87
7332 LØKKEN VERK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/652 - 21/17430

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@alver.kom
mune.no

Dato:
13.03.2021

Avvist søknad om dispensasjon for oppføring av hytte på Storholmen - gbnr 344/8 Skintveit

Administrativt vedtak. **Saknr: 334/21**
Tiltakshavar: Eva Nielsen
Ansvarleg sækjar: Eva Nielsen
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og
 bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om dispensasjon for oppføring av hytte på gbnr. 344/8 Skintveit, avvist.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du sækjer på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Tiltak

Det vert vist til søknad motteken 21.01.2021.

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå landbruks-, natur- og friluftsføremålet (LNF-føremålet) og frå byggeforbodet i strandsona for oppføring av hytte.

Planstatus

Eigedomen er uregulert og satt av til LNF-føremålet i kommunedelplanen (KDP) for Meland og ligg i si heilheit innanfor byggeforbodet langs vassdrag, jf. pbl § 1-8. I tillegg ligg eigedomen innanfor sikringszone for Rylandsvassdraget og er omfatta av tilhøyrande verneplan, jf. føresegn 4.1.1 til KDP.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

- Søknad om tiltak på eigedomen krev dispensasjon frå LNF-formålet og byggeforbodet i strandsona. Søknad om dispensasjon må grunngjevast ut i frå vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2. Det må dermed gjerast greie for kvifor formålet bak LNF-formålet og byggeforbodet ikkje vil bli vesentleg sett til side viss det blir gitt dispensasjon og kva fordelar som tilseier at det bør gis dispensasjon. Fordelane må vere klart større enn eventuelle ulemper.
- Det må takast stilling til kva konsekvensar tiltaket får for Rylandsvassdraget.
- Løyve til bruk av avkøyringa til kommunal veg må dokumenterast. Eventuelt må det søkast om løyve til utvida bruk av avkøyringa. Søknad sender du inn via vegvesenet sine sider, men blir handsama av kommunen. Søknad finn du her: <https://www.vegvesen.no/trafikkinformasjon/langs-veien/soknad-om-avkjorsel>
- Løyve til bruk av privat veg fram til eigedomen må dokumenterast.
- Er det tenkt opparbeida veg fram til eigedomen? I så tilfelle må ny veg visast på kart og rett til framføring må dokumenterast.
- Viss det ikkje er tenkt opparbeida veg fram må parkeringsrett dokumenterast.
- Omtrentleg plassering av hytte må visast på kart.
- Skisse av tenkt hytte må sendast inn.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Siril Therese Sylta
Tenesteleiar

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakarar:

Eva Nielsen

Løkkenveien 87

7332

LØKKEN VERK